

Rambøll Norge as, Ålesund
Storgata 25
6002 ÅLESUND

Vår dato: 13.07.2015

Vår ref.: 201504049-2

Arkiv: 323

Dykkar dato: 24.06.2015

Dykkar ref.: Runar Tennø

Sakshandsamar:

Terje Systad

Innspill til oppstart og høring av planprogram - Svemorka Vest - GBnr 26/1 - Stranda kommune

Vi syner til Dykkar brev dagsett 22.6.2015. Saka gjeld oppstart av områdeplan for Svemorka Vest. Føremålet med områdeplanen å legge til rette for heilskapleg industriområde, samt å regulere inn planlagd fylkesvegtrase med planlagd tunnelinnslag ved Engeset.

Engesetelva renn gjennom planområdet. Kantsona langs vassdrag er verdifull for friluftsliv og miljø. Vassressurslova § 11 stiller krav om at det skal oppretthaldast eit naturleg vegetasjonsbelte langs alle vassdrag. NVE rår til at arealbrukskategorien Bruk og vern av sjø og vassdrag, jf. PBL §12-5 nr 6, vert nytta til å merke vasstrengen og kantsoner. Elv med kantsoner kan regulerast til "Natur og friluftsliv".

Planområdet kan vere utsett for flaum eller erosjon, noko som må vurderast i det vidare planarbeidet. Etter byggt teknisk forskrift (TEK10) skal blant anna bygg med personopphald sikrast mot ein 200 års flaum og stå trygt mot erosjon. Framtidige klimaendringar kan medføre meir nedbør og større flaumar. NVE rapport 5/2011 «*Hydrological projections for floods in Norway under a future climate*» har estimert at storleiken på framtidige flaumar på Vestlandet vil auke med 20-40 %. NVE rår til at klimaframskrivingar blir lagt til grunn når ein skal sikre mot flaum og erosjon.

Dersom planen opnar opp for ny busetnad innanfor aktsemdsområde for skred i Skrednett (www.skrednett.no) må det gjerast ei nærare vurdering av skredfaren. Det må definerast faresonegrenser i samsvar med tryggleikskrava i Byggt teknisk forskrift (TEK10). Eventuelle fareområde må innarbeidast i planen og synast som omsynssone (jf. PBL § 12-6) og ha tilhøyrande føresegnar som sikrar akseptabel tryggleik. Dersom planen omfattar eksisterande busetnad innanfor aktsemdsområde, kan aktsemdskarta i Skrednett nyttast til å avgrense omsynssona.

Med helsing

Bright Samdal
regionsjef

Terje Systad
overingeniør



Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.